
Fra: Dyrkolbotn Leirskole Fjellstove <post@dyrkolbotn.com>
Sendt: 27. april 2016 21:24
Til: Postmottak Lindås; Siril Therese Sylta; Hogne Haugsdal; Ørjan Raknes Forthun;
Ordfører Lindås; Ståle Juvik Hauge
Emne: Fwd: Gjeld klagesak på avvisning av byggesøknad
Vedlegg: 20160424-KorrSaksutgreiing.pdf

Til Lindås kommune

GJELD KLAGESAK PÅ AVVISNING AV BYGGESØKNAD (Sak 048-16)

I går, den 26.04.2016, sende eg vedlagde brev til plan- og miljøutvalet.

Sjå kopi av epost under. Eg var til stades på møte i plan- og miljøutvalet i dag, og brevet vart ikkje nemnt i møtet. Kvifor?

Eg finn heller ikkje att brevet i nokon dokumentliste.

I dei politiske organ eg kjenner frå før, har det vore vanleg praksis at nye, relevante dokument vert lagde fram for politikarane sjølv om dei kjem seint. Akkurat dette dokumentet var det spesielt god grunn til å sleppe fram, avdi kommunen må bere ansvar for at det kom så seint.

Eg skulle straks fått kopi av naboen sitt skitbrev datert 30.03.2016, og høve til å imøtegå løgnene og insinuasjonane. No vart vi ikkje kjende med dette før i slutten av forrige veke, - eg laga tilsvaret så fort eg kunne.

Vi får no berre alle håpe at fylkesmannen reddar både Lindås kommune og fjellstova.

Kommuneadministrasjonen sin misbruk av plan- og bygningslova § 21-6 for å avvise vår byggesøknad er bemerkelsesverdig. Paragrafen er eigentleg lett å lese og forstå for kven som helst. Den som har ein tinglyst rett (servitutt) til kloakkanlegg, kan sjølv sagt ikkje få byggesøknaden sin avvist avdi han "åpenbart" ikkje har privatrettsleg rett til kloakkanlegg. Sjølv om heimelshavar påstår det. Får kommunen medhald hjå fylkesmannen på ei slik lovforståing, så er konspirasjonsteorien til enkelte her bevist. I så fall har de skaffa dykk ei ny Foss-sak. Og ei bedrift mindre i kommunen, om ikkje avvisninga vert omgjort. Men det var kanskje målet: å kvitta seg med nokon som nektar å krype og logre?

Kor lang tid kan vi rekne med at fylkesmannen si klagehandsaming tek?

Helsing

Signhild Dyrkolbotn
Innehavar av Dyrkolbotn Fjellstove
Leirskule og gjestehus

----- Forwarded Message -----

Subject: Gjeld klagesak på avvisning av byggesøknad

Date: Tue, 26 Apr 2016 09:41:48 +0200

From: Dyrkolbotn Leirskole Fjellstove <post@dyrkolbotn.com>

To: Postmottak Lindås <postmottak@lindas.kommune.no>, juvikhaug@gmail.com, joer-he@online.no, berisoy@gmail.com, malin.h.knudsen@gmail.com, sebkjek@online.no, andreas@dyngen.net, anitalogg@gmail.com, i-fjelds@frisurf.no, karl@activrevisjon.no, hogne.brunborg@gmail.com

Vedlagt følger merknadar til kommunen sitt saksførelegg. Kopi er sendt direkte til medlemmene i plan- og miljøutvalet. Kopi vert også lagt direkte i postkassa til Jorunn Dyrkolbotn i dag.

Venleg helsing

Signhild Dyrkolbotn